

Nesten 9.000 inne på sida vår i oktober

07.11.2006

I oktober hadde uskedalen.no 8.897 besøkjande inne på sida. Dette gjer eit snitt på 287 besøk pr. dag og det er vi særst nøgde med.

Men det er viktig å presisera kva vi meiner med besøk: Vi meiner antal maskiner som har vore inne på sida. Kvar maskin teljer berre som eitt besøk, sjølv om du som lesar er inne fleire gonger om dagen. Dette skiljer vår teljar frå einskilde andre.

Kvar maskin har i oktober vore inne på 5,3 sider kvar. Det tyder at dei 8.897 lesarane har lese i alt 47.218 sider. Det er imponerende når ein veit at det er rundt rekna 300 husstandar med 1.000 innbyggjarar i bygda vår.

Men det er sjølvstykke ikkje berre uskedelinger inne på sida. Vi veit at vi har lesarar til og med i Dubai og at ikkje minst utflytta folk les oss.

Desse linene er meint som ein takk til alle som er inne og les uskedalen.no. Og ikkje minst til alle Dåke som sender inn. Her er det på sin plass å nemna Thor Inge Døssland og Karoline Neset, som hjelper oss. Det gjer oss som driv med dette ein ny giv til å stå på enda meir – for bygda vår.

Ola Matti Mathisen og Magnhild Haugland